



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

Dato:	20.01.24
Desse møtte:	Anne Vierdal, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Severin Reiersen, Rikard Stokkenes Arild Steinsland
Fråvær:	Solfrid Lier Habbestad, Bente Johannesen, Astrid Yasmin Furdal, Lars Edvart Larsen, Magnus Tveit.
Referent:	Sigrund Breistig

SR 18/24	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Følgjande saker blei meldt til eventuelt: Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent.
SR 19/24	Godkjenning av referat frå møtet 19. desember 2023 Sjå tidlegare utsendt vedlegg: «Referat SR 19.12.23» Vedtak: Referat frå møtet 18.10.23 blei godkjent utan merknader.

Soknerådsmedlemmene gav tilbakemeldingar frå gudstenester som har vore frå jul og fram til no. Følgjande punkt blei teke opp:

- Lysgloben som vart nytta på gudsteneste på nyårsafta stod midt i oppgangen og utgjorde ein fare for brann. Det blei observert eit tilfelle der ei jakke var svært nær ved å ta fyr. Soknerådet foreslår å flytte lysgloben utav oppgangen, og heller lenger framme ved alteret.
- Eit forslag frå eit soknerådsmedlem kom om at det hadde vore fint om presten nytta talarstolen ved høgtidsgudstenester, med formål om å bli synleg for alle. Dette er vanlegvis ikkje ei utfordring, men under ein av høgtidsgudstenestane stod også songarar i koret framme og det vart mykje å følgja med på. I forslaget ligg det ei forståing av at ved å bruke talarstolen i denne samanhengen ville det bli enklare for alle å sjå når presten tala.
- Det vart påpeika eit godt oppmøte på gudsteneste på nyårsafta då gudstenesta vart halde på dagtid i motsetning til tidlegare år ved gudsteneste rundt midnatt. Konfirmasjonsforeldre var også tilstades. Nokre som gjekk til gudstenesta gav positive tilbakemeldingar om at det var fordelaktig med gudsteneste på dagtid nyårsafta.
- Lite oppmøte på gudsteneste 1. juledag. Også mindre folk enn tidlegare år. Under opphaldet på Håheimgard, viste Arild Steinsland til eit avisutklipp som skildra korleis ei kyrkje hadde utført eit markedsføringstiltak for å auke besøk til kyrkja ved jul. Ved å sende ut postkort med invitasjon til gudsteneste til jul, fekk dei ein stor auke i besøkande. Soknerådet ønskjer å vurdere slike tiltak før jul 2024. Dette skal vera ei sak på soknerådsmøte til hausten.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

Sak 21/24

Juletefest oppsummering og vidare arbeid

Bent Rune Sinnes hadde levert eit detaljert skriv som oppsummerte prosjektet, evalueringar og plan for korleis oppgåver kan fordelast.

Vedtak: Sveio sokneråd tek oppsummeringa til orientering og arbeider med å finne nye koordinatorar til arbeidet mot neste juletefest. Dette arbeidet startar til hausten.

SR 22/24	Sak frå diakoniutvalet - diakonstilingar Saka blei tatt opp i felleskyrkjerådsmøte mellom Valestrand og Førde Sokn og Sveio sokneråd. Skildring av saka ligg i eget referat. Grunna uavgjorte stemmar og nytt forslag frå Arild Steinslag blir saka teke opp på ny, til ny avstemming i kvart enkelt sokneråd ved neste møtetidspunkt.
SR 23/24	Årsrapport trusopplæring 2023 Ein deltajert og godt dokumentert rapport er skrive om trusopplæringsarbeidet i Sveio i 2023. Vedtak: Soknerådet tek rapporten til orientering.
SR 23/24	Eventuelt Det blei stilt spørsmål om det skal vera kyrkjekaffi kvar søndag. Sveio sokneråd ønskjer at det skal vera kyrkjekaffi kvar søndag, med unntak på dagar dette ikkje eignar seg. Det er gruppa som har ansvar for kyrkjekaffi som vel om kyrkjekaffien skal vera på Soknehuset eller i kyrkja. Det er ønskjeleg at kyrkjekaffien er på Soknehuset når det er mykje folk som til dømes konfirmasjonsgudstenester og familiegudstenester. Elles er det heilt fint å ha kyrkjekaffi i kyrkja.
SR 24/24	Møtekritikk Alle var samde om at det hadde vore ein gild tur til Haaheim gaard.